



Saksframlegg

Saknr. utval	Utval	Møtedato
098/20	Utval for samfunn, kultur og næring	02.12.2020

Forskrift om utvida bandtvang for hund i Sunnfjord kommune, på høyring

Vedlegg i saka:

01.12.2020	Forskrift om hundehald, Jølster kommune, Sogn og Fjordane - Lovdata	1411789
01.12.2020	Forskrift om utvida bandtvang for hund, Førde kommune, Sogn og Fjordane - Lovdata	1411790
01.12.2020	Forskrift om utvida bandtvang for hund, Gaular kommune, Sogn og Fjordane - Lovdata	1411791
01.12.2020	Høyring_Forskrift om utvida bandtvang for hund Sunnfjord kommune, Vestland	1413742
01.12.2020	Høyringsmottakarar	1413751
16.11.2020	Svar på spørsmål om Instedalen skileikanlegg og løype til Vonavatnet	1411916
16.11.2020	Svar på spørsmål om Instedalen skileikanlegg og løype til Vonavatnet	1408351
16.11.2020	Preparert løype til Vonavatnet	1408354
16.11.2020	Preparert løype med skuter Vonaområdet	1408353

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for samfunn, kultur og næring vedtek at framlegg til forskrift om utvida bandtvang for hund i Sunnfjord kommune, vert sendt på høyring.

Behandling i Utval for samfunn, kultur og næring 02.12.2020:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

USKN-098/20 Vedtak:

Utval for samfunn, kultur og næring vedtek at framlegg til forskrift om utvida bandtvang for hund i Sunnfjord kommune, vert sendt på høyring.

Bakgrunn for saka:

Kommunane Førde, Gaular og Jølster har lokale forskrifter om utvida bandtvang, som gjeld ut 2020. Skal Sunnfjord kommune ha utvida bandtvang, må det gjerast vedtak om forskrift for Sunnfjord kommune.

Saksutgreiing:

Regelverk

Hundelova har reglar for hundehald. Ordinær bandtvang gjeld frå og med 1. april til og med 20. august. Hundelova § 6 andre ledd seier at kommunen kan gje forskrift om at hund skal sikrast ved bandtvang med meir.

Gjeldande forskrifter

Førde kommune hadde forskrift om bandtvang frå og med 1. april til og med 31. oktober. Gaular kommune hadde forskrift om bandtvang i innmark og utmark der bufe beiter, frå og med 1. april til og med 1. november. I tillegg var det bandtvang «*i areal som inngår i områdereguleringsplan i tilknytning til Langeland ski- og fritidssenter, inkludert parkeringsplass, skistadion, rulleskibane og lysløyper: heile året.*». Jølster kommune hadde bandtvang i utmark og innmark der bufe beiter fram til 1. november. I tillegg var det bandtvang «*I bustadområde og friområde innafor bustadområde, samt i og nær anlegg for idrett og friluftaktivitet med unntak av organisert aktivitet: Heile året.*». Forskriftene ligg vedlagt. Det var ikkje lokal forskrift om utvida bandtvang for hund i Naustdal kommune.

Vurdering

Vi har inntrykk av at hundehaldet i Sunnfjord kommune er ansvarleg, og at reglane vert følgt. Bandtvang bør ikkje innførast i større grad enn naudsynt. I Ot.prp.nr. 48 Om lov om hundehold (hundeloven) (s. 79) står det at «*gir loven (...) en handlefrihet til å motarbeide lokalt problematisk hundehold med lokale virkemidler. Generelt bør ikke handlefriheten nyttes i større utstrekning enn det som er nødvendig for å løse lokale problemer.*» (kommunedirektøren si understreking). I tida utan bandtvang, er det ikkje lov å sleppe hundar laus, utan at eigar har kontroll med hunden. I hundelova § 4 står det at hundar kan berre vere lause når dei:

- a) vert fulgt og kontrollert på aktsom måte, eller
- b) er forsvarleg innegjerda på ein stad som ikkje er open for allmen ferdsel.

I hundelova § 4 frå andre til fjerde ledd står fylgjande:

«Den som holder en hund i bånd, skal være i stand til å ha kontroll med hunden, hvis de ikke blir ledsaget av noen som har slik kontroll.

Hundeholderen skal påse at hunden ikke farer mot, hopper på, forfølger eller stiller seg i veien for folk som ikke godtar dette. Har en hund dette for vane, skal den bli holdt i bånd på steder som er åpne for allmenn ferdsel.

Hundeholderen skal vise særlig aktsomhet der det er barn, for å hindre slik kontakt mellom hund og barn som barnet eller voksne som følger barnet, ikke inviterer til, og for å forebygge at barn blir skremt. Om nødvendig skal hunden bli satt i bånd eller holdt tett inntil hundeholderen.

Hunder skal alltid holdes under slikt tilsyn at de så vidt mulig hindres i å drive eller forfølge vilt, jf. likevel § 9 tredje ledd.»

I eit hundehald der reglane i hundelova vert fylgt, inkludert vilkåra for å la hunden vere laus, vil det ikkje vere naudsynt å innføre lokale reglar om bandtvang. Likevel har vi vurdert om det er trong for å innføre bandtvang, i visse tidsrom og i nokre område i kommunen.

Bandtvang i tilknytning til beiting av bufe

Bandtvang kan innførast etter hundelova § 6 bokstav e, i heile eller delar av kommunen i tidsrom kor husdyr beiter. Heimelen i bokstav e er meint å fange opp den ordinære beitesesongen, og kan ikkje nyttast som grunnlag for å utvide bandtvangen til periodar der nokre dyr unntaksvis går ute på beite, jf. rundskriv G-17/2003 *Om hundehold (hundeloven)*.

Sunnfjord kommune er ein stor landbrukskommune, med mange beitedyr i innmark og utmark i beitesesongen. Tal frå produksjonstilskotsøknad 2019 var det om lag 40 050 beitedyr på beite i minimum 12 veker (både innmark og utmark) og om lag 35 840 var på utmarksbeite i minst 5 veker. Sunnfjord kommune er den kommunen i Vestland fylke som hadde flest storfe på beite i 2019, og hadde nest flest sau på beite.

Hausten kan vere fin, slik at i nokre tilfelle kan det vere gode beiteforhold heilt fram til 1. november. Ved å innføre bandtvang til og med 1. november, vil hovuddelen av beitesesongen vere dekkja. Møte i landbruksforum 07.10.20 med representantar frå Bondelaget og Bonde – og småbrukarlaget, vart det positiv tilbakemelding til bandtvang til og med 1. november.

Ordinær bandtvang gjeld frå og med 1. april til og med 20. august. For å unngå missforståingar, kan det med fordel stå i forskrifta at bandtvang gjeld frå og med 1. april til og med 1. november.

Bandtvang i og i tilknytning til bustadområde og handleområde

Bandtvang kan innførast etter hundelova § 6 bokstav a, i og i tilknytning til bustad og handleområde. Dette omfattar område med fast busetjing - uansett om det er tett- eller spreidd-bygd område - og handleområde, typisk butikksentra. Det vil ikkje gjelde hytteområde (Ot.prp nr. 44 s 205).

I og i tilknytning til bustadområde og handleområde, ferdast det folk i ulike aldersgrupper. Lause hundar i slike område kan utgjere eit tryggleikeproblem, særleg for barn og eldre. Det er difor naturleg å innføre bandtvang i desse områda. Det vil ikkje vere eit skarpt skilje kvar grensa for bandtvang går. Kva som ligg i «i tilknytning til» avheng mellom anna av «om det gjelder et område der det faller naturleg for folk å gå til og fra området, hvor det er naturleg for barn å leke eller gå tur ved et boligområde, eller for områdets eldre å gå mindre turer.» (Ot. prp. Nr. 44 s 55).

Bandtvang på og ved bestemte tursitar, turveggar, merka skiløyper og bestemte område som er allment nytta som tur- og rekreasjonsområde.

Langeland ski- og fritidssenter

I Gaular kommune vart det etter søknad frå Langeland ski- og fritidssenter, innført bandtvang heile året i 2017, i areal i tilknytning til Langeland ski- og fritidssenter. I 2017 estimerte Langeland ski- og fritidssenter at dei hadde 30 000 besøkande i året, det meste om vinteren. I ettertid har dei fått rulleskibane, og området er elles nytta som turområde i heile året. Området er mykje brukt av barnefamiliar, og lause hundar

kan potensielt skape farlege og uønska situasjonar. Søknaden var og grunnlagt med at hundar vart gåande fritt i løypa, utanfor eigar sin kontroll. Hundar vart slept fritt ut av bilen ved parkeringa, og det var gjentakande problem med hundeskitt i løypene. Sunnfjord kommune meiner det er naturleg og naudsynt å vidareføre bandtvang i dette området. Området er framleis eit allment nytta tur- og rekreasjonsområde, og området er stadig mykje brukt av barnefamiljar. Dermed veg omsynet til dei som ferdast utan hund tyngre, enn dei som har hund. Ordlyden i forskrifta vert «areal i tilknytning til Langeland ski- og fritidssenter, parkeringsplass, skistadion, rulleskibane og lysløyper: heile året.». Desse områda ligg inne i områderegluleringsplan for Langeland, datert 2013. Det vert ikkje innført bandtvang i område regulert til fritidsbustad (BF3), bustad (B1) eller LNFRL. Dette området vert ikkje nytta av skisenteret, og grunneigar gav tilbakemelding i 2017 at det ikkje var ynskje om bandtvang her.

Andre skileikanlegg og skiløyper

I Landbruksforum 07.10.2020 vart det gitt tilbakemelding om at kommunen burde vurdere å innføre bandtvang i andre skiområde også, slik som Instedalen skileikanlegg, Vona, Årdal skileikanlegg og Jølster skisenter, Hoffslåttane skileikanlegg, samt Fossestien.

Fylgjande skilanlegg vart kontakta på telefon og/eller e-post, for å høyre om laus hund var ei aktuell problemstilling: Hoffslåttande skileikanlegg, Instedalen skileikanlegg, Jølster skisenter, Årdalen skileikanlegg og Dvergsdalsdalen langrennsanlegg. Dei som svarte gav tilbakemeldingane om at laus hund ikkje hadde vore ei aktuell problemstilling i deira skianlegg. Instedalen skileikanlegg ved Åsmund Berthelsen, gav tilbakemelding om at han ikkje har sett konflikt med lause hundar i skileikanlegg, men dei har fått rapportert problem med lause hundar på løypa inn til Vonavatnet. Det var ein vaksen person som melde i frå om nestenkollisjon med hund. Han gav også tilbakemelding om at det somme tider vil vere hundar i band ved hundekøyring, og det vil gjere problemet med moglege lause hundar endå større. Han meiner at for å førebygge, burde det vere bandtvang både i anlegget og i løypa.

Det er vanskeleg å estimere kor mange besøkande Instedalen skileikanlegg har. Dei har både årskort og dagskort, og kor mange gonger dei er i anlegget er løypa er vanskeleg å vite. Berthelsen opplyste at om lag 100 kjøper årskort. Sist vinter og i sommar var det i tillegg 350 som betalte for dagparkering i skianlegget, eller ved parkeringa på veg til Vonavatnet. Ut i frå tal årskort og dagparkeringar, legg vi til grunn at området er mykje brukt av allmenta.

I hundelova § 6 tredje ledd fyrste punktum er det presisert at «Båndtvang etter bokstav c og d kan ikke fastsettes i større grad enn nødvendig og slik at hensynet til de som ønsker å ferdes med løs hund også ivaretas i tilstrekkelig grad, både hva angår omfang og geografisk spredning.». Slik vi ser det, betyr naudsynt at det må faktisk vere eit problem eller aktuell problemstilling. Å innføre bandtvang for å førebygge, utan at det har vore noko problem, ser vi på som noko som ligg utanfor det som lova opnar for. Slik situasjonen er no og ut i frå dei tilbakemeldingane vi har motteke, ser vi det berre som naudsynt å innføre bandtvang ved skianlegget til Langeland ski- og fritidssenter. Om det i framtida oppstår problemstilling med laus hund i andre skianlegg, vil det vere høve til å vurdere om det då er naudsynt å innføre bandtvang.

Instedalen skileikanlegg preparerer skiløype frå parkeringsplassen til Vonavatnet.

Vidare innover frå Vonavatnet preparerer dei med snøskuter. I løypa frå parkeringsplass og til Vonavatnet, har det vore rapportert problem om laus hund. Denne løypa preparerer dei kvar helg (fredag kveld eller laurdag morgon) gjennom heile vinteren, når det er forhold til det. Frå Vonavatnet og innover preparerer dei ein gong i veka frå 1. januar til 1. april med snøskuter. I løypa som vert preparert frå Vonavatnet og innover har, etter slik vi oppfatta det, ikkje vore konflikt med hund. Denne løypa går også meir ut i terrenget, og difor ser vi det som mindre aktuelt å innføre bandtvang her, jamfør presiseringa i hundelova § 6 tredje ledd, som seier at dei som ynskjer å ferdast med laus hund også skal ivaretakast i tilstrekkeleg grad.

Løypene til/frå Vonavatnet er ikkje merka i terrenget, men Berthelsen har teikna dei inn i kart. I hundelova § 6 andre ledd bokstav c er ordlyden «merkede skiløyper», men det står ikkje nærmare forklart i verken rundskrivet eller Ot.prp. nr. 44, om det er krav til merking i terrenget eller i kart. Slik vi forstår Landbruks- og matdepartementet, er det ikkje krav til at det må vere merka i kart eller terrenget, men folk må vite kvar reglane gjeld. Vi legg difor til grunn at det er tilstrekkeleg om det står informasjon på parkeringsplassen, til dømes på ei informasjonstavle, kva løype det er bandtvang i.

Vi vurderer at sidan det har vore rapportert problem med laus hund i løypa inn til Vonavatnet frå parkeringsplassen (sjå kart 1), og at området er mykje brukt av allmenta, kan det vere naudsynt å innføre bandtvang her. Omsynet til dei som ferdast utan hund veg tyngre, enn dei som ferdast med hund, sidan området er mykje brukt av allmenta. Samstundes skal det takast omsyn til dei som ynskjer å ferdast med laus hund i tilstrekkeleg grad, både med omsyn til omfang og geografi. Difor kan det med fordel setjast tidsavgrensing på bandtvangen.

Det vil ikkje vere naudsynt med bandtvang heile året, men berre i det tidsrommet skiløypa vert køyrt. Med tanke på småbarnsfamiliar, som vanlegvis ferdast når det er dagslys, vil det ikkje vere naudsynt med bandtvang etter det er mørkt. Vi vurderer difor at ved å setje bandtvang i tidsrommet det vert preparert skiløyper (helgane) og i klokkeslettet 09:00-17:00, vil både omsyn til dei som ferdast utan hund og med hund verte ivaretatt. Sidan løypene ikkje er merka i terrenget, må det setjast opp oppslag på parkeringsplassen der det står informasjon om skiløypa og bandtvang.



Kart 1. Kart som syner preparert skiløype frå parkeringsplass og til Vonavatnet.

Fossestien

Fossestien går frå Gaularfjellet i Sogndal kommune, til Viksdalen i Sunnfjord kommune, og er om lag 21 km lang. Stien er mykje brukt både av lokalfolk, norske og utanlandske turistar. Vi kan dermed slå fast at Fossestien er ein mykje brukt tursti. Vi er kjende med at det i alle fall har vore eit tilfelle, der hunden til ein turist har bite fleire sauer. Dette var i beitesesongen, og turstien vert i hovudsak nytta i sommarhalvåret. Vi vurderer difor at den ordinære tida for bandtvang, og utvida bandtvang for beitedyr fram til 1. november, er dekkande, og at det ikkje er naudsynt å innføre særskilt bandtvang i Fossestien.

Høyring av forskrift

Forvaltningslova kapittel VII gjeld for forskrifter. Før forskrifta vert vedtatt, må den ha vore på høyring. I rundskrivet står det at høyringsforslaget bør kunngjerast i lokal media, og den må sendast til mynde og organisasjonar i samsvar med forvaltningslova § 37. Vedlagt fylgjer liste over høyringsmottakarar som vi ser som aktuelle å sende på høyring til. Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane er eit samarbeidsnettverk for natur- og friluftsliv i regionen, som vil dekke dei friluftslivsorganisasjonane vi ikkje sender direkte til.

At forskrifta er lagt ut på høyring vert kunngjort i Firda og heimesida til Sunnfjord kommune. Høyringsforslaget vert sendt til aktuelle høyringsmottakarar. Høyringsrunda vert minimum 6 veker. Etter høyringsrunda vert forskrifta handsama i utval for samfunn, kultur og næring, med endeleg godkjenning i kommunestyret.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at utval for samfunn, kultur og næring vedtek å sende framlegg til ny forskrift for utvida bandtvang for hund i Sunnfjord kommune, på høyring.

Førde, den 16.11.2020

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Øyvind Bang-Olsen
kommunalsjef